

## **VEDTEKTER FOR FAGSKULEN I SOGN OG FJORDANE**

### **§ 1 Formål**

Fagskulen i Sogn og Fjordane skal gjennom eit robust og utviklingsretta fagmiljø tilby fagskuleutdanning med høg ein fagleg og pedagogisk kvalitet og som er tilpassa behova i marknaden. Det skal vere eit reelt tilbod for heile fylket, prega av fleksibilitet i organisering og gjennomføring.

Fagskulen skal gjennom partnerskap med offentlege instansar, bransjar, bransjeorganisasjonar og næringsverksemd vere eitt av fleire verkemiddel fylkeskommunen nyttar som regional utviklingsaktør.

### **§ 2 Styret – val og samansetnad**

#### *Organisering*

Fagskuleutdanninga i fylket skal ha eit styre som er oppretta med heimel i § 11 nr 1 i kommunelova og § 3 fjerde ledd i lov om fagskuleutdanning.

Styret er det øvste styringsorganet for fagskuleutdanninga. Fylkestinget er det øvste politiske organet for fagskuleutdanninga.

#### *Valperiode*

Valperioden for styret følgjer den fylkeskommunale valperioden.

Studentrepresentanten vert vald for eitt år om gongen.

#### *Samansetnad*

Styret har 7 medlemmer med personlege varamedlemmer, og skal vere samansett slik:

- to medlemmer frå næringslivet
- to politiske medlemmer frå fylkeskommunen (1 frå hovudutval for opplæring og ein frå hovudutval for plan og næring)
- eitt medlem frå administrasjonen i fylkeskommunen
- eitt medlem etter framlegg frå dei tilsette ved fagutdanninga
- eitt medlem etter framlegg frå studentane

Fylkesutvalet har valretten og vel dei eksterne medlemene etter forslag frå deira organisasjonar.

Fylkesutvalet vel leiar og nestleiar.

### **§ 3 Styret – oppgåver og mynde**

Styret har følgjande hovudoppgåver:

- Ha det overordna ansvaret for planlegging og oppfølging av fagskulen si verksemd.
- Søkje om godkjenning av fagskuleutdanninga.
- *er ansvarleg for at anna informasjon som vert gjeve til NOKUT og til utdanningssøkande er korrekte og fullstendige.*
- Ha ansvaret for at verksemda er av høg kvalitet og at skulen vert driven effektivt og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.
- Leggje strategien og planar for den faglege verksemda ved skulen, i samsvar med rammer og mål gjevne av fylkestinget.
- Ha ansvaret for at dei økonomiske rammene og at eigedom vert disponerte i samsvar med gjeldande regelverk
- Leggje fram årsrekneskap med resultatata av verksemda og framlegg til budsjett for komande år.
- Leggje til rette for oppretting av studentorgan

Styret vedtek følgjande:

- Det faglege tilbodet
- Framlegg til budsjett
- Plan for intern organisering
- Årsplan, inkludert etter- og vidareutdanning for tilsette
- Reglement for fagskuleutdanninga, jf lov om fagskuleutdanning § 6
- Anna verksemd, inkludert kurs
- Tilsetjing av fagleg og administrativ leiar for fagskuleutdanninga
- Tilsetjing av andre arbeidstakarar.
- Delegering av mynde til fagleg og administrativ leiar og ev til andre.

### **§ 4 Styremøta mv.**

For styremøta gjeld følgjande:

- Styret gjer vedtak i møtet.
- Styret vert innkalla av styreleiar eller når minst to styremedlemer krev det.
- Styret kan gjere vedtak når minst 4 medlemer, inklusive styreleiar eller nestleiar, er tilstades.
- Styret sitt vedtak vert gjort med alminneleg fleirtal. Ved røystelikskap gjeld det som styreleiar har røysta for.
- Det skal førast møtebok frå styremøta. Møteboka skal underskrivast av alle styremedlemene.

Godtgjersle til styret

Styremedlemene er omfatta av Reglement for folkevalde sine økonomiske vilkår og får møtegodtgjersle etter gruppe 2 i reglementet.

Styreleiaren får fast godtgjersle etter pkt 1.3 i reglementet.

### **§ 5 Administrativ og fagleg leing**

Fagskulen skal ha ein rektor som øvste administrative og faglege leiar, jf lov om fagskuleutdanning §3, 3. ledd.

Rektor er sekretær for styret og har møte- og talerett i styret.

### **§ 6 Klagebehandling**

Klage over enkeltvedtak som vert gjort av rektor eller styret vert å avgjere av fylkesutvalet som klagenemnd. ~~ei særskild klagenemnd.~~  
**Klagenemnda skal ha minst 3 medlemmer.**

~~Unntak gjeld for klage over avsluttande vurdering. For slike saker skal fylkesdirektøren for opplæring oppnemne ei særskild klagenemnd.~~

### **§ 7 Læringsmiljø**

Styret har det overordna ansvaret for det fysiske og psykiske arbeids- og læringsmiljøet til studentane, jf lov om fagskuleutdanning § 4 a.

Styret skal, i samråd med eventuelle studentorgan, leggje tilhøva til rette for eit godt læringsmiljø og arbeide for god studentvelferd.

Som del av skulen si kvalitetssikring skal det utarbeidast eit dokumenterbart system for ivaretaking av læringsmiljøet.

### **§ 8 Utdanningsplanar**

I løpet av første semester skal styret utarbeide plan for innhaldet i utdanninga til studentane. Planen skal også vise korleis utdanninga skal gjennomførast og kva plikter studentane har mot skulen og medstudentane.

### **§ 9 Grader og yrkesutdanningar - titlar**

Fullført toårig utdanning ved ein fagskule gir rett til å nytte tittelen *fagteknikar*.

Departementet vil evt gje forskrift om krav til andre titlar/grader.